



Naustdal-Gjengedal
verneområdestyre

Møteinnkalling

Utval: Naustdal-Gjengedal verneområdestyre
Møtestad: Førde
Dato: 30.11.2022
Tidspunkt: 12:00

Eventuelt forfall må meldast snarast til verneområdeforvaltar. Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.

Møte kl 12.00 til 15.00.
Julemiddag etter møtet.

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 13/22	Godkjenning av innkalling og sakliste		
ST 14/22	Signering av protokoll frå førre møte		
RS 5/22	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - orienteringssaker styremøte 2/2022 (nov)		2019/4183
RS 6/22	Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - status på tiltak og tiltaksmidler november 2022		2019/4173
ST 15/22	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - revidering av tiltaksplan		2019/10675
ST 16/22	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - søknad om tiltaksmidler og SNO-ressursar for 2023		2019/4173
ST 17/22	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - driftsbudsjett for 2023		2019/2581
ST 18/22	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - revidering av forvaltningsplan styremøte 2/2022 (nov)		2022/10021
ST 19/22	Eventuelt		

ST 13/22 Godkjenning av innkalling og sakliste
ST 14/22 Signering av protokoll fra førre møte



Arkivsaksnr: 2019/4183-0
Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik
Dato: 18.11.2022

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	5/22	30.11.2022

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - orienteringssaker styremøte 2/2022 (nov)

- **Delegerte vedtak sidan førre møte:**
 - Dag Bakketun fekk 7. juli løyve til helikoptertransport av material/seksjonar til gjetarhytte i Risbotnen. Løyvet gjaldt for inntil 12 landingar.
 - Øyvind Årebrot og Jorunn Sande fekk i juli løyve til å bruke båt med motor på Langedalsvatnet i samband med transport av inventar og utstyr til hytte. Løyvet gjaldt for inntil tre turar.
 - Nordfjord folkehøgskule fekk i august løyve til å ha telteleir med inntil 170 overnattande ved Haugen ved Storevatnet i Gjengedalen.
- **Verneområdeforvaltar sin arbeidsgjevar har fått ny sjef.**

Liv Signe Navarsete starta i stillinga som statsforvaltar i Vestland 1.september.
- **Forvaltningsknutepunktet på Sandane flytta inn i nye kontorlokale 1.mai.**

Vi har fått pussa opp nye lokale i Kraftbygget i Sandane sentrum. Her er no verneområdeforvaltar og naturoppsyn lokalisert, saman med nasjonalparkforvaltar for Jostedalsbreen nasjonalpark. Dei nye lokala er særst tenelege til vårt bruk.
- **Gjetarhytta i Risbotnen** er no ferdig bygd. Det vert synt bilete i møte.
- **Naust i Årdalskupa** er ferdig. Det vert synt bilete i møte.
- **Økonomi**

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre har 95.000 i driftsbudsjett for 2023. Til no har vi brukt 41.000. Forbruket har vore til møtegodtgjerdslø og administrative kostnader. Vi har altså mykje att på budsjettet, so eg oppmodar om å få sendt inn krav om møte- og reisegodtgjerdslø før nyttår. Det er og rom for andre, mindre innkjøp om det skulle vere behov for.



Arkivsaksnr: 2019/4173-0
Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik
Dato: 18.11.2022

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	6/22	30.11.2022

Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - status på tiltak og tiltaksmidlar november 2022

Generelt

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre har i 2022 fått 500.000 til tiltak frå Miljødirektoratet. Midlane vart fordelt på 11 ulike tiltak på styremøte 1/2022. Ut i frå rapportar og det som vi sjølv har hatt regien på, so veit vi at det er utført arbeid på minst 9 av desse tiltaka.

Skjøtsel

Fire grunneigarlag eller liknande har jobba med skjøtsel på og rundt støyane sine. Arbeidet har skjedd med basis i skjøtelsplanar og etter avtale med verneområdeforvaltninga. Vi har gode erfaringar med denne typen avtalar, vi ser gode og synlege resultat av det og vi ser og at dette skapar eit godt engasjement blant grunneigarane. Fleire får opp augene for skjøtsel og verdien av det. Vi har brukt totalt 165.000 på denne typen skjøtsel i 2022.

Ein annan type skjøtsel er fjerning av uønska gran frå verneområdet og randsona. I 2022 har fokuset her lege på området ved Ryssdalsstøylen, kor eit stort granfelt med godt vaksen gran har stått tett på støylen. Feltet har prega støylen, vegetasjonen og landskapet der, stengt for utsikta og truleg og spreidd frø innover i verneområdet. Vi har brukt 40.000 her, og i tillegg gjort avtale om granfjerning for 35.000 til gjennom rammeavtalen med Bygdeservice.

Tilrettelegging

I 2022 vart vi endeleg ferdig med klopplegginga innover mot Byrkjeneset i Gjengedalen. Det har vi halde på med i mange år no, og tatt ein parsell kvart år. Vi er godt nøgde med de jobben som er gjort og resultatet. Tiltaket får mykje skryt frå brukarar av området. I år har vi brukt om lag 63.000 på kloppar, transport og arbeid.



Midtre Nordfjord turlag har etter avtale med verneområdeforvaltninga merka opp att ruta frå Byrkjeneset til Fagredalen, og i tillegg noko av ruta frå Langedalen mot Fagredalen. MNT har lagt ned mange timar her og fått 40.000 for jobben i tråd med avtale.

Grunneigarar i Nes/Ytre Kandal har lagt kloppar på enkelte parti både på stien frå Ryssdalen til Nesstøylen og på stien innover mot Sørsendalen. Totalt har vi her brukt om lag 42.000 til kloppar og transport (mellom anna helikoptertransport).

Det vart sett av 50.000 til tilrettelegging i Botnen, Angedalen. I skrivande stund har ikkje forvaltar fått rapport eller tilbakemelding om utført arbeid her, so det er noko uvisst både kva som er gjort og om det går tiltaksmidlar her.

Informasjonsarbeid

Styret har gjort vedtak om å flytte informasjonsskilt frå Årdal i Jølster til Svidalsneset. Det er sett av 50.000 til flytting og ny montering. Forvaltar har sendt brev til Statens Vegvesen men ikkje fått svar. Vi vil truleg kjøpe arbeidet på førehand gjennom rammeavtale med Gravdal SHS.

Oppsummert

Vi har fått gjort ein god del og det aller meste av det vi har planlagt i 2022. Det meste av arbeidet har gått som planlagt og det som er rapportert av arbeid ser bra ut og i tråd med avtalar og intensjonar. Vi risikerer å sitte att med vel 50.000 i ubrukne midlar.



Arkivsaksnr: 2019/10675-0

Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik

Dato: 18.11.2022

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	15/22	30.11.2022

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - revidering av tiltaksplan

Innstilling frå forvaltar

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre vedtek revidert tiltaksplan for landskapsvernområdet, som skal vere grunnlag for tiltak i 2023 og søknad om tiltaksmidlar. Tiltaksplanen gjeld til ny plan vert vedteken.

Saksopplysningar

Kvart år søker verneområdestyret om tiltaksmidlar frå Miljødirektoratet, som skal nyttast til tiltak som skal sikre og fremje verneverdiane, og for å oppnå dei måla som er sett i forvaltningsplan og besøksstrategi. Tiltaka som vert planlagt og søkt om midlar til, bør vere forankra i planverk, som til dømes ein tiltaksplan.

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre har ein tiltaksplan som er eit enkelt og dynamisk dokument. Tiltaksplanen er å rekne som eit vedlegg til forvaltningsplanen.

Verneområdestyret brukar å revidere tiltaksplanen enten kvart eller annankvart år. Då kvitterer ein ut og tek vekk tiltak som er gjennomført, tek vekk tiltak som ikkje lenger er aktuelle, og legg til nye tiltak som det har kome innspel om eller som forvaltninga sjølv ser bør gjennomførast. Det hender og at tiltak som allereie står i tiltaksplanen vert oppdatert eller justert i tråd med utført arbeid eller ny kunnskap.

Utkast til tiltaksplan vert sendt ut som vedlegg til sakspapira og diskutert i møtet. Styret kan gjere endringar i utkastet i form av nye tiltak, fjerne tiltak eller gjere justeringar i dei tiltaka som står der.



Arkivsaksnr: 2019/4173-0
Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik
Dato: 18.11.2022

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	16/22	30.11.2022

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - søknad om tiltaksmidler og SNO-ressursar for 2023

Innstilling frå forvaltar

Prioritet	Tiltak	Skildring av tiltaket	Kostnads- overslag
1	Skjøtsel Arnestadstøylen	Årleg slått på Arnestadstøylen. Skjøtsel i tråd med skjøtelsplan.	20 000
2	Skjøtsel Sandsstøylen	Skjøtelsstiltak i tråd med utarbeida skjøtelsplan	50 000
3	Skjøtsel Fitjestøylen	Skjøtelsstiltak i tråd med utarbeida skjøtelsplan	50 000
4	Skjøtsel Ryssdalsstøylen	Skjøtelsstiltak i tråd med utarbeida skjøtelsplan	50 000
5	Skjøtsel Gimmestadstøylen	Skjøtelsstiltak i tråd med utarbeida skjøtelsplan	50 000
6	Skilting	Bytte ut gamle, slitte og øydelagde skilt langs stiar og vegar. Sette opp nye skilt der det er behov	5 000
7	Skilt om Byrkjenesmannen	Lage og sette opp eit skilt som fortel litt om "Byrkjenesmannen" og busetnaden i Byrkjeneset rundt 1700. Heng saman med informasjon om "barnegrava" som står ved Gjengedalsstøylen.	20 000
8	Fjerning av ikkje- ynskte artar	Fjerning av førekomstar av gran i og rundt landskapsvernområdet.	200 000
9	Informasjonsskilt	Sette opp informasjonsskilt og/eller portalskilt i bygdesenter og innfallsportar	100 000
10	Råsa gjennom Ura ved Storevatnet	Gjere om på tidlegare utbetring av råsa gjennom Ura. Her vart det bygd ei steintrapp i 2011 (?) som storfe ikkje likar å gå i. Vurdere grusdekke i staden for?	120 000
Totalt			665 000



Saksopplysningar

Verneområdestyret skal sette opp ei liste over tiltak ein vil bestille midlar til i 2022. Lista skal sendast til Miljødirektoratet og vere grunnlag for tildeling av tiltaksmidlane utpå nyåret. Bestillinga bør bygge på besøksstrategi, forvaltningsplan, tiltaksplan eller skjøtselsplan. Miljødirektoratet har laga ein ny og oppdatert strategi for bruk av tiltaksmidlar 2020-2025. Strategien ligg som vedlegg til sakspapira.

Vilkår for bruk av midlane:

- Midlane er statlege investeringsmidlar (kan ikkje nyttast til tilskot).
- Midlane skal nyttast til tiltak i regi av forvaltninga.
- Midlane kan nyttast til tiltak innan skjøtsel, tilrettelegging og informasjonsarbeid.
- Midlane skal nyttast i tråd med føringar frå Miljødirektoratet.

Styret må vurdere kva tiltak som skal inn på lista, kor stor sum som skal stå på kvart tiltak og so skal alle tiltaka ha ei unik prioritering. Verneområdeforvaltaren har sett opp ei liste over aktuelle tiltak basert på pågåande tiltak, tiltak som har vore på tiltaksplan men ikkje blitt gjennomført enno, og nye tiltak som er spelt inn siste året.

Summane som står her er rettleiande. Dei bygger enten på erfaringar eller signal frå grunneigarar eller andre som skal utføre dei. For skjøtselstiltak er summen oftast ei ramme som grunneigarlag eller andre jobbar for. Som oftast vert heile ramma brukt. Tilretteleggingstiltak er derimot ofte verre å estimere.

Søknad om tiltaksmidlar skal sendast til Miljødirektoratet via elektronisk søknadssenter, og søknadsfrist er normalt kring nyttår.

Handsaming i møte:

- Har styremedlemmene tiltak eller prosjekt som bør inn på lista?
- Har de kome innspel eller planar direkte til styremedlemmene som bør vere med på lista?
- Er det tiltak her som ikkje bør vere med på lista?
- Tiltaka må ha unik prioritering i søknaden.

NB: Styret skal og sette opp skjema med ønske om SNO-ressursar. Framlegg til dette ligg som eige vedlegg.



Arkivsaksnr: 2019/2581-0
Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik
Dato: 18.11.2022

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	17/22	30.11.2022

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - driftsbudsjett for 2023

Innstilling frå forvaltar

Styret vedtek eit driftsbudsjett for 2023 på kr 71.060,-

Saksopplysningar

Dokument i saka:

- Framlegg til driftsbudsjett

Verneområdestyret må sende søknad til Miljødirektoratet om midlar til drift av styret. Styret bør derfor sette opp eit budsjett over forventna kostnadar som kan vere grunnlag for den søknaden.

For å få eit realistisk budsjett bør styret tenke over kor stor aktivitet man ser for seg i det komande året. Då er det fleire moment som styrt bør ta stilling til.



Styremøte

I følge vedtektene bør styret tre saman minst fire gonger i året. Med den saksmengda som Naustdal-Gjengedal har, so er det tilstrekkeleg for å handtere og handsame sakene. Det vanlege er derfor å legge fire styremøte til grunn for budsjettet. Knytt til styremøta må vi ta høgde for møtegodtgjerdsle, tapt arbeidsforteneste, reisekostnadar og kostnadar til lokale og servering på møta.

Rådgjevande utval

Kostnadane med Rådgjevande utval skal dekkast over driftsbudsjettet til styret. Representantane her har krav på å få dekkast reisekostnad. I tillegg har vi kostnadar med møterom og enkel servering som vi brukar å ha på møta. Rådgjevande utval får ikkje møtegodtgjerdsle.

Normalt sett har vi eitt møte i utvalet kvart år. I samband med revidering av forvaltningsplan eller anna planarbeid kan det vere aktuelt med fleire møte i utvalet.

Anna aktivitet i styret

Dersom styret legg opp til studieturar, deltaking på samlingar/konferansar eller liknande, so må det takast høgde for i budsjettet.

I 2023 er det kommune- og fylkestingsval. Det betyr og at det er siste året i styreperioden for det sittande styret. Det vert derfor truleg ikkje lagt opp til nasjonalparkkonferanse eller tilsvarande samling for styremedlemmene nasjonalt.

Forvaltar har heller ikkje lagt opp til studietur eller anna lokal/regional samling sidan det er siste året i styreperioden.

Om styret har ønske eller behov for andre aktiviterar enn det som er lagt inn i framlegget til budsjett, so må de legge dette inn i budsjettet.



Arkivsaksnr: 2022/10021-0

Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik

Dato: 18.11.2022

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	18/22	30.11.2022

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - revidering av forvaltningsplan styremøte 2/2022 (nov)

Dokument i saka:

- Gammal forvaltningsplan
- PDF med gammal plan lagt inn i FPNV
- Innspel frå Vestland fylkeskommune
- Prosjektplan for revideringa

Status per i dag

Revidering av forvaltningsplanen er ein stor og litt «uhandterbar» jobb som vil gå over lang tid. Eg er heldigvis i gang med nokre av milepælane, og har fått gjort noko av grunnlagsarbeidet i løpet av sommaren.

- Eg har sendt ut oppstartsmelding. I samråd med Miljødirektoratet vart den sendt ut på e-post til ein del kontaktar og offentlege instansar. I tillegg vart oppstartsmeldinga kunngjort i Firda og Firda Tidend.
I samband med oppstartsmeldinga vart det og opna for ei tidleg innspelsrunde.
- Ny forvaltningsplan skal lagast i Miljødirektoratet si løysing Forvaltningsplanar på nett for verneområde (FPNV). Eg har lagt det relevante innhaldet frå den gamle planen inn i FPNV-løysinga. Det er litt rotete og tørt slik som det er no, men det er eit grunnlag.

I følgje tidsplanen skulle eg i løpet av sommaren og ha kartlagt behov for ny kunnskap og starta på å hente inn denne kunnskapen. Det har eg ikkje kome i gang med. Vi fekk heller ikkje planmidlar frå Miljødirektoratet som vi kunne kjøpe tenester til kunnskapsinnhenting for.

Arbeidet har stått i ro sidan det avlyste styremøtet i oktober.

Tidleg innspelsrunde

Vi opna som sagt for innspel i tidleg innspelsrunde. Vi har til no fått inn eit innspel, frå Vestland fylkeskommune. Det ligg vedlagt.



Spørsmål og tema til diskusjon i styret

1. Kva type kunnskap er det som manglar eller må oppdaterast i den nye planen?
2. Er det tema eller retningslinjer som manglar i den gjeldande planen og som må inn i den nye?
3. Er det tema eller retningslinjer i den gjeldande planen som ikkje lenger er relevant og som skal fjernast?
4. Er det retningslinjer som må endrast?
5. Er det noko i prosjektplan og tidsplan som må justerast?

Dette er litt opne spørsmål som eigentleg er sjølvve essensen i revidering av planen. Vi vil kome tilbake til desse fleire gonger seinare i prosessen, men det kan likevel vere bra å få på plass nokre «svar» litt tidleg her.

På spørsmål nr 2 her, har forvaltar allereie ein del tema på blokka som må omtalast eller skrivast meir utfyllande om i revidert plan:

- Sykkel
- Elsykkel
- Drone
- Motorferdsel i samband med tv- og filmproduksjon

Plan vidare framover

Når eg etter kvart får tid må eg begynne å sjå på kunnskapsgrunnlaget og finne ut kva som må oppdaterast der og korleis vi skal få henta inn ny kunnskap.

Eg må og strukturere innhaldet betre slik at det vert meir leseleg og oversiktleg enn det er no. Det ber sterkt preg av å vere tilpassa eit anna format enn FPNV.

Elles vert det å prøve å følgje tidsplanen slik som den står no, mest mogeleg.

ST 19/22 Eventuelt